






KONTROLLUTVALET I VÅGÅ

MØTEBOK - PROTOKOLL

Møtestad Vågå kommunehus	Møtedato: 21. juni 2018	Frå kl. 10:00	Til kl. 13 :00
Møteleiar:	Ove Turtum		
Møteinnkalling: (kunngjering)	Innkalling av 6. juni 2018		
Representantar som er borte:			
Vararepr. som er tilstades:			
Til stades:	I alt: 3	Av desse ordinære medl.: 2	
Merknad:	Ingen merknad.		
Andre frammøtte:	Økonomisjef Frank Roger Vangen og kommunalsjef Jan Egil Fossmo Sekretær Morten Sørhage førte møteboka		
Saker som vart drøfta:	Sak nr. 13 - 16		
Merknader til møteboka:	Ingen merknad.		
Underskrifter:	 Ove Turtum		
	 Bjula Marie Ulsletten		 Ivar Valdvik

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til:

- Medlemmane og varamedlemmane av kontrollutvalet.
- postmottak@vaga.kommune.no samt ordførar og administrasjonssjef
- Innlandet Revisjon IKS
- Presse

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til innkalling og protokoll frå siste møte.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	21. juni 2018	Kontrollutvalet	13/2018

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kontrollutvalet protokollførte at administrasjonen i Vågå kommune skulle orientere om desse sakene:

- Tertialrapport.
- Prosedyrer for omstilling/nedbemanning.
- Prosess for oppfølging budsjett og økonomiplan.
- Informasjon om organisering og oppgavefordeling av administrasjonen.
- Avklaring om avvik i rapport frå helse og omsorgstenester til personar med utviklingshemming. Rapport frå Fylkesmannen i 2016.
- Status ang. rettssak om endra boforhold innan PU.

Rådmannen er innkalla og har stadfesta møtet.

Handsaming:

Administrasjonen orienterte om tema etter førespurnaden frå kontrollutvalet.

I tillegg orienterte administrasjonen om rapport frå fylkesmannen om barnehagetenesta. Rapporten har avvik, som administrasjonen arbeider med å lukke.

Det ligg føre pålegg om barnevernsvakt. Dette er løyst med samarbeid om sommarberedskap i dei fire Ottadalskommunane. Det blir teke sikte på å vidareføre samarbeidet til hausten.

Kontrollutvalet merkar seg grundig og godt arbeid i orienteringa, der administrasjonen viser stor ansvarskjensle.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	21. juni 2018	Kontrollutvalet	14/2018

GÅVEFOND VÅGÅHEIMEN

Vedlegg:

Prosjektrekneskap
 Balansførde midlar
 Vedtekne statuttar

Bakgrunn:

Under sak nr. 12/2018 OPEN POST 20. april 2018 protokollførde kontrollutvalet:

Gavefond Vågåheimen. Kontrollutvalet ber sekretær innhente rekneskap og statuttar

Sekretær har motteke informasjonen, som ligg vedlagt.

Oversikt:

Etter reglementet for disponering av gåvemidlane kjem fram at dei kan brukast til velferdstiltak for pasientar/brukarar og arbeidsmiljøtiltak for personalet i helse- og omsorgstenestene i Vågå, ev. til spesielle vilkår gjevar har stilt til bruken.

Totalt inneståande på gavekonti pr. 1.1.18 utgjer kr. 1 855 000.

Sekretær har ikkje gått inn i sjølve disponeringa av midlar og har ingen kommentar til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Administrasjonen orienterte med bakgrunnsstoff om gåvenemnda. Administrasjonen gjorde greie for forvaltninga av fonda og svara på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet gjekk gjennom statuttane og rekneskapen av fonda og drøfta forskjellige tilhøve andsynes dette.

Kontrollutvalet ynskjer at det blir presisert tydelegare at alle midlar skal nyttast til formålet gjevar har sett, evt. til velferdstiltak for brukarar.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret og HOKO revidere reglementet for forvaltning av gåvemidler i helse- og omsorgssektoren i Vågå kommune

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	21. juni 2018	Kontrollutvalet	15/2018

INNLANDET REVISJON IKS – RAPPORT 1. TERTIAL 2018

Vedlegg:

Tertialrapport 1/2018

Innlandet Revisjon IKS rapporterer etter oppdragsavtalen pr. tertial. Vedlagt oppstilling viser ressursbruken pr. 30/4 – 18, samt prognose for året 2018.

Som oppstillinga viser, blir Vågå, som ei kommune i Nord-Gudbrandsdal, tilleggsfakturert for å opparbeide tilstrekkelege midlar til pensjonsfond.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til informasjonen

Vedtak:

Kontrollutvalet tek tertialrapport 1/2018 til orientering.

MØTEBOK

ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	Morten Sørhage	21. juni 2018	Kontrollutvalet	16/2018

ARBEIDSMØTE

Vedlegg:

Årsplan 2018
Skjema saker 2018

Kontrollutvalet går gjennom møteoversikta 2018 og fastset møteplan for hausten 2018. I samanhengen har styret i SKNG lagt opp til fellesmøte 19. september 2018 med desse orienteringane:

- Fylkesmannen orienterer om beredskapsarbeid i kommunane
- Oppland fylkeskommune orienterer om ny region Innlandet
- Nord-Gudbrandsdal Regionråd orienterer om verksemda
- Sekretær i SKNG orienterer om revisors uavhengigheit

I veke 44 er det planlagt eit fellesmøte med orienteringar om tenesteyting helse:

- NGLMS orienterer om verksemda og tenesteytinga
- Repr. frå ein sentral helsemyndigheit orienterer om lovkrav etter helse- og omsorgsloven

Innlandet Revisjon IKS arbeider for tida med forvaltningsrevisjon om sjølvkostforvaltning, vedlikehaldsplan og investeringsplan. Det ser ut som om rapporten blir lagt fram rett etter sommaren. Det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon i året, slik at ei viktig sak til hausten blir å utarbeide bestilling av nytt prosjekt for 2019.

Utover bestillinga er det ynskjeleg at utvalet drøftar forslag til saker dei vil ha på sakskartet, når det gjeld Vågå kommune. Det kan gje grunnlag for orienteringar i utvalet.

Handsaming:

Kontrollutvalet gjekk gjennom planlagt aktivitet andre halvår 2018. Protokollen er oversendt kommunestyret. Ein kan ikkje sjå at den er lagt fram og handsama. I tredje kvartal vil kontrollutvalet handsame forvaltningsrevisjonen om sjølvkostforvaltning, vedlikehaldsplan og investeringsplan. Det vert også lagt opp til bestilling av ny forvaltningsrevisjon for handsaming i 2019.

Neste møte er planlagt 12. september 2018.